



Time kommune



Jobbskygging Lye Ungdomskule 8. trinn

Tysdag 29.april: skal eleven på 8. trinn bli kjende med eit yrke med å vere med (skygge) nokon på arbeidet deira. Det kan vere kva som helst yrke. Me ser helst at den som blir skygga har ein familiær relasjon til eleven.

På jobbskyggingsdagen skal eleven få med seg, å sjå korleis arbeidet arter seg. Eleven kan ha eigne oppgåver , men skal i utgangspunktet observere. Eleven skal dokumentere med bilete dersom det er lov, samt stille relevante spørsmål til den som blir skygga.

Eksempel på spørsmål kan vere:

- Kvifor valte du dette yrket?
- Kva er arbeidsoppgåvene dine?
- Kva eigenskaper er viktige for å trives i dette yrket?
- Kva liker du med arbeidet ditt?
- Kva liker du mindre godt med arbeidet ditt?
- Kva andre arbeidsoppgåver kunne du ha arbeida med innanfor ditt yrke?
- Kva slags utdanning må du ha for å få arbeid innan dette yrket/ denne arbeidsplassen?

Andre forslag til spørsmål vil du finne på neste side. Det er også lov å lage eigne spørsmål.

I løpet av veke 19 vil det vera framføringar: Då skal eleven presentere for resten av klassen kva dei har opplevd på jobbskyggings dagen. Eleven vil få ein time på skulen til å arbeide med dette

Du skal lage ein presentasjon på maks 5 min.

I tillegg til å få fram litt av det du spurde den du skygga om, kan du snakke litt om;

- Kor godt du likte denne arbeidsplassen
- Kan du tenkje deg å arbeide innanfor dette yrket i framtida
- Kva har du lært iløpet av denne dagen?

Svarslipp skal leveres til kontaktlærar innan onsdag 24.april

Andre spørsmål:

- Kven skygga du?
- Kva slag bedrift er dette?
- Kor mange år er bedrifta?
- Kor mange ansatte er det i bedrifta?
- Kor mange og kva type yrker er der i bedrifta?
- Er det lærlinger i denne bedrifta? Kor mange og kva fag?
- Korleis klarer bedrifta å få til eit godt arbeidsmiljø?
- Korleis blir lønna bestemt?
- Kor mykje tener ein “vanleg” ansatt?
- Er det mogleg å ta vidareutdanning eller etterutdanning i bedrifta?
- Korleis opplever du å vere i arbeidslivet? Kva var bra? Kva likte du ikkje?
- Korleis var det å kome til bedrifta ?
- Observerte du noko spesiellt?
- Dersom du fekk oppgåver , kva gjekk dei ut på?
- Korleis er det med pauser i denne bedrifta?
- Korleis var stemninga på arbeidsplassen blandt dei som arbeida der?
- På kva måte synes du jobbskyggingsdagen var viktig for deg?

Svarslipp skal leveres kontaktlærar innan onsdag 24.april

Elevens namn; _____

Tlf; _____

Arbeidsplass; _____

Namn på personen du skygger ;_____

TLF; _____

Relasjon til personen du skygger; _____